

Er det fleire som har Hardeland-måleri?

07.08.2008



Dønhaug gard måla av Magnus Hardeland

Neste søndag, 17. august, er den tradisjonelle museumsdagen på Bygdetunet Rød i Uskedalen med utstilling av måleri av Magnus Hardeland som eit av innslaga. Primus motor Kristian Bringedal kjenner til fleire både i Uskedalen og andre stader i Kvinnherad som har måleri av Hardeland og som han skal låna til utstillinga. Men han er sikker på at det finst enda fleire og ynskjer at dei melder seg til han snarast. Måleria vil bli henta og levert attende straks etter utstillinga.



Sigurd Dønhaug måla av Magnus Hardeland

På Dønhaug er det fire Hardeland-måleri og uskedalen.no presenterer her to av dei som typiske døme på hva den velkjende kunstnaren kunne prestera.

Det eine er eit svært godt portrett av den historie-interesserte gardbrukar Sigurd Dønhaug som sit og les i Grimbergs verdshistorie.

Det andre er eit måleri av tunet på Dønhaug, med Englafjell og Manen i bakgrunnen og det viser til fulle hans talent som landskapsmålar.

Dette måleriet er datert 1958 og truleg vart alle fire måleria til dette året under eit opphald som kunstnaren hadde på garden, meiner Magne Huglen. Det tredje måleriet er eit portrett av Margreta Dønhaug i bunad og det fjerde eit portrett av sonen Ragvald, men det er måla etter eit fotografi.

Men Hardeland måla ikkje berre landskap og portrettar, men også historiske hendingar og han laga teikningar frå arbeidsliv og folkeliv i kvardag og helg. Han laga også mange heraldiske merke, til dømes kommunevåpna for Etne og Kvinnherad.

Det er på høg tid å minnast Hardeland som den markante kunstnar han var. Han levde frå 1905 til 1982, vart fødd i Fitjar og er også gravlagd der. Men han ætta frå Etne. Faren, Mikkjel Kristenson, gifta seg med Gritanna Sigfusdotter Klette frå Kvinnherad. Magnus reiste i ung alder til Bergen og vart buande der. Han gifta seg med Margot, født Gilleberg.

Hardeland var ein folkeleg og romsleg kar, med sterk sans for det norske.

Ellers under museumsdagen blir det konsert i røykstova ved Sussi Brodin og musikarar under overskrifta 'Grundtvig og den danske folkesjela'. Friluftsgudstenesta denne gongen blir ved sokneprest Sven H. Nilsen. Eit anna tradisjonelt innslag er styltemeisterskapet. Og så kjem sjølvstekt kverna til å sviva - hvis det kjem nok vatn. Uskedal Ungdomslag skal stå for matsalet.

Av Ola Matti Mathisen



[Magnus Hardeland vil bli minna på Rød neste helg.](#)

